



Arkivnr: 2016/8534-109  
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

## TILDELING AV LEDIGE DROSJELØYVE I BERGEN KØYREOMRÅDE DESEMBER 2016

### Samandrag

Ved denne tildelinga er det 5 ledige drosjeløyve. I fylgje gjeldande regelverk skal løyve tildelast den av søkjarane som har lengst ansiennitet. Tildeling av ledige drosjeløyve 05.12.2016 vert gjort på bakgrunn av *ansiennitetsvedtak av 14.09.2016*.

Tildelinga skjer i samsvar med yrkestransportforskrifta §§ 43-44.

**Dei som er tildelt drosjeløyve i fylkesdirektøren sitt vedtak 05.12.2016 må vende seg til ein av sentralane i Bergen køyreområde for å inngå formidlingsavtale. Det er for tida ingen ledige plassar i Bergen Taxi.**

I fylgje gjeldande regelverk må søkjar til drosjeløyve dokumentera at dei har god vandel, tilfredstillande økonomisk evne og faglege kvalifikasjonar før drosjeløyve kan tildelast. Desse må oppfyllest før ansiennitetsprinsippet vert lagt til grunn for tildelinga. Dei aktuelle søkjarane for tildeling av løyve har fått melding om at dei må levera inn dokumentasjon i samsvar med gjeldane regelverk.

Etter å ha vurdert saka i samsvar med reglane i yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport finn fylkesdirektøren å kunne fatta fylgjande

### vedtak

Med heimel i yrkestransportlova § 9 jf. Forskrift om yrkestransport §§ 6-8 og §§ 43-44 finn fylkesdirektøren å kunne tildela drosjeløyve:

1. R- 487 til Mohammed Hasan Huseen
2. R- 645 til Feim Zyulkyarov
3. R- 722 til Abdi Farah Salad
4. R- 726 til Paulos Transport
5. R- 733 til Enis Kojic

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesdirektør samferdsel, 05.12.2016

### 1 Samandrag

Ved denne tildelinga er det 5 ledige drosjeløyve. I fylgje gjeldande regelverk skal løyve tildelast den av søkjarane som har lengst ansiennitet. Tildelinga av ledige drosjeløyve 05.12.2016 vert gjort på bakgrunn av *ansiennitetsvedtak av 14.09.2016*.

### 2. Lovheimel

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllest før løyve kan tildelast. Desse basiskrava er kumulative, det vil seie at alle må vere oppfylt før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektøren har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

**God vandel** skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelsvurdering vert gjort kvart tredje år.

**Tilfredsstillande økonomisk evne** inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

**Tilstrekkeleg fagleg kompetanse** inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

### 3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

**Mohammed Hasan Huseen** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 7 månad og 19 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Mohammed Hasan Huseen har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-487 til Mohammed Hasan Huseen.

**Feim Zyulkyarov** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 7 månader og 11 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Feim Zyulkyarov har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-645 til Feim Zyulkyarov.

**Abdi Farah Salad** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 6 månader og 21 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Abdi Farah Salad har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-722 til Abdi Farah Salad.

**Paulos Transport** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 6 månader og 10 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Paulos Transport har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i

samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-726 til Paulos Transport.

**Enis Kojic** har fått godkjend ei samla ansiennitet på 3 år, 6 månader og 8 dagar i fylkesdirektøren sitt vedtak av 14.09.2016. Enis Kojic har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektøren å kunne tildele drosjeløyve R-733 til Enis Kojic.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyva innan **05. mars 2017**